

TONGSTULRÅKET.

TONGSTULRÅKET. NEVERBUA – TONGSTULEN.

Dette råket fortset frå Neverbua innover lia før det slepper seg ned i Øyadalen ved Tongstulen. Det er sterkt råk eit stykke men det blir litt lågare standard siste halvdel. Men heilt greitt å gå. Det er godt merka med blå måling og plater. Det er bru over Øyabekken . På Tongstulen har det vore drivi jordbruk frå gammalt. Det var og ein låve der. Det var Nedre Systugu i Jøndalen som brukte dette stykket i mange år. Dei brukte og Øyasætra til det vart bygd ny sæter på Jøndalssætrene. Nå er låven dessverre borte og jordet er mesta attgrodd av skog.

Lengde på råket frå Neverbua til Tongstulen : 1,7 km.

God tur!

*Jan Ove Jøndal*